

Løvteit Hege

Fra: Nils H. Kvamme <nhk@mundal.no>
Sendt: 1. mars 2018 15:25
Til: Firmapost-Vest
Kopi: nils@meng.no; anders.valle@online.no; Sverre Solberg;
svein.sodt@gmail.com; eikremlk@hotmail.com;
halvardtorvund@gmail.com
Emne: E39 MUNDALSBERGET Saksnr:18/19778

Grunneigarane på Mundal hadde møte 26.02.2018, 6 av 10 grunneigarar stilte. I samband med reguleringsplanen for Bomstasjon Mundalsberget har me følgjande spørsmål:

1. Gammal sti/veg, etablert 1918, er broten av E39 i området som no skal regulerast. Stien vart laga i samband med første høgspenlinja som vart bygd gjennom området, og knytte saman Mundal med Nepstad/Gjervik. Etter gjeldande norm skal vel denne stien vurderast vidareført.
2. De vurderer det som det ikkje er nokre hensyn å ta til landbruk i området som skal regulerast, men dette er årsaka til at det ikkje er komen til noken minneleg ordning med grunneigarane. Våre ved-/skogteigar ved E39 er ein del av verdigrunlaget til våre eigedommar og eit ressursgrunnlag for all framtid. Dette tyder også på at ikkje all kommunikasjon mellom grunneigarane og vegvesenet er komen fram til Lindås Kommune.
3. Dei siste attlevande tidsvitne, frå når avtalen vart underskriven ifbm at RV14 vart etablert, reiser tvil om at arealet vart gjeve til vegvesenet men kun gitt løyve til å byggja vegen over grunnen. Difor bør ein finna avtalen som vart skriven med grunneigarane ca 1970 slik at eigarforholdet til grunnen er avklara.
4. Det er difor vanskeleg å forstå kvifor det ikkje skal vera ein konsekvensutgreiing når det er tvil over så mange spørsmål. Desse spørsmåla er heller aldri vorte handsama verken under bygginga av vegen eller når vegens trafikkmonster/klasse/status/trafikktryggleik har vorte endra.

Svar kan sendast til:
Nils Hallvard Kvamme
Hopsdalsvegen 125
5915 Hjelmås

Helsing
Nils H. Kvamme